



UTMARKSKOMMUNENES SAMMENSLUTNING

Det Kongelige Landbruks- og matdepartement
Pb 8007 Dep
0030 OSLO

Att:

Deres ref: 200900404-/TKJ

Vår ref: 118562-793

Oslo, 15. oktober 2010

HØYRING – NY KONVENSJON MELLOM NORGE OG SVERIGE OM GRENSEOVERSKRIDENDE REINDRIFT

Vi viser til høring om ny norsk-svensk reinbeitekonvensjon, og ynskjer med dette å gje vår høyringsfråsegn på denne.

Utmarkskommunenes Sammenslutning (USS) er ein organisasjon for norske utmarkskommunar, og har 84 medlemmer fordelt på 15 fylke. Fleire av våre medlemskommunar har både reindriftnæring og grense mot Sverige, og problemstillingar kring den norsk-svenske reinbeitekonvensjonen vedkjem såleis desse. USS vil i si høyringsfråsegn fokusere på dei overordna og prinsipielle sidene ved den nye konvensjonen om grenseoverskridande reindrift.

Konvensjonen og forholdet til anna norsk lovgiving

Reindriften er i dag m.a. regulert av Lov om endringar i lov om reindrift (reindriftsloven) av 15. juni 2007 nr 40. I samband med ratifiseringa av den nye konvensjonen, foreslår departementet at konvensjonen, med tilhøyrande vedlegg, skal gjelde som norsk lov, jf forslag til ny § 2 a i reindriftslova.

Ved å inkorporere konvensjonen i norsk rett, får konvensjonen same rettskjeldemessige stilling, eller trinnhøgde, som alle andre norske lover. Slik USS ser det, reiser dette *prinsipielle spørsmål* som Stortinget må ta stilling til før konvensjonen blir ratifisert.

Konvensjonen legg opp til at det skal setjast opp gjerder i mange av beiteområda omfatta av konvensjonen, jf Områdeprotokoll (vedlegg 1). I særskilt vedlegg om "*ansvarsfordeling mellom Norge og Sverige for oppføring og vedlikehold av gjerder*" blir det presisert kva land som har ansvar for bygginga og vedlikehaldet av desse gjerda. I vedlegga kan ein lese detaljert kor gjerda skal gå, og kor lange dei skal vere. Til dømes skal det i beiteområdet Likká i Troms fylke etablerast eit gjerde på 10 km. Det seier seg sjølv at slike gjerde kan ha vidtrekkjande verknader på andre aktivitetar, ferdsle av menneske og dyr m.m.

Reindriftslova har eigne reglar som gjeld oppsetting av gjerde i § 24, som tillet reindriften å føre opp arbeids- og sperregjerder som er "*nødvendige for reindriften*" så lenge desse ikkje er unødig skjemmaende eller til vesentleg skade eller ulempe for grunneigaren eller for andre rettmessige

interesser. Vidare skal gjerder og anlegg som skal bli ståande utover ein sesong godkjennast av departementet før oppføring.

Føresegna i reindriftslova § 24 regulerer likevel tilfella der den eller dei som driv reindrift ynskjer å setje opp gjerde. Dette skil seg frå situasjonen i reinbeitekonvensjonen, der det er den norske stat som forpliktar seg til å setje opp gjerde. Desse gjerda vil difor ikkje regulerast av reindriftslova, men av plan- og bygningslova, som ligg til kommunane å forvalte. Ved at konvensjonen blir likestilt med plan- og bygningslova, oppstår det dermed ein *uavklart situasjon* mellom dei to rettsreglane.

USS kan ikkje sjå at forholdet til plan og bygningslova er drøfta, verken i konvensjonen eller i saksutgreiinga frå departementet. Vi stiller oss undrande til at departementet ikkje har drøfta dei rettskjeldemessige verknadene ved å inkorporere konvensjonen i norsk rett, før Stortinget skal ratifisere konvensjonen.

Lokalt sjølvstyre – og lokal styresmakt

Kommunane har etter plan- og bygningslova både ein rett, og ei plikt, til å handsame arealplanar og byggjesøknader, inkludert bygging av gjerder. USS stiller spørsmål ved kvifor konvensjonen ikkje har vurdert omsynet til det lokale sjølvstyret, sjølv om den legg opp til inngrep i naturmiljøet som det er opp til lokale styresmakter å forvalte, og vidare kvifor dette heller ikkje er problematisert frå departementet si side. Situasjonen blir ytterlegare uoversiktleg ved at Sverige skal ha ansvar for gjerder på norsk side, til dømes i Likká beiteområde i Troms (jf § 5 i områdeprotokollen og særskilt vedlegg om ansvarsfordeling for oppføring og vedlikehald av gjerder).

Det kan her stillast spørsmål ved kva løysing styresmaktene ser for seg dersom det oppstår usemje mellom kommunane og dei konvensjonsfastsette gjerda. Til dømes dersom ein kommune:

- ikkje ynskjer gjerdet i det heile?
- ynskjer at gjerdet skal fylgje ein annan trasé enn den konvensjonen legg opp til?
- ynskjer at gjerdet skal konsekvensutgreiast?

USS er ikkje i mot reinbeitegjerder prinsipielt, men ser at det kan oppstå problemstillingar ved oppretting av gjerda. Å setje opp fysiske stengsel i naturen kan påverke både naturmiljøet og andre allmenne interesser. For lokalsamfunna er det viktig å kunne vere med å påverke kvar, og korleis, slike installasjonar skal oppførast. Slike interesseavvegingar ligg til grunn for reindriftslova og for plan- og bygningslova. Ikkje minst vil det vere viktig som eit konfliktreducerande tiltak at ulike lokale interesser får høve til å uttale seg om spørsmålet før det blir gjennomført. Ei grundig lokal handsaming sikrar at desse interessene blir ivaretekne. Forholdet mellom det lokale sjølvstyret og konvensjonsreglane bør avklarast før konvensjonen blir ratifisert.

USS ser også at opprettinga av gjerder kan vere eit sentralt spørsmål i samband med forvaltninga av verneområde, til dømes dersom det er aktuelt at desse skal gå i verneområde og nasjonalparker. Forvaltningsansvaret blir i dag lagt til lokale organ, som til dømes nasjonalparkstyrer. Det kjem likevel heller ikkje klart fram av konvensjonen korleis gjerdespørsmålet stiller seg til område med slik spesiell status.

Det er USS sitt syn at det ikkje kan ha vore føremålet med konvensjonen at grunnleggjande prinsipp om konsekvensutgreiing av tunge arealinngrep ikkje skal gjelda på konvensjonen sitt område.

USS foreslår at føresegnene som gjeld oppretting av gjerder, og kvar desse skal gå, blir strokne frå konvensjonen.

Med vennleg helsing

Utmarkskommunenes Sammenslutning



Vigdis Hjulstad Belbo
Leiar



Stein Erik Stinessen
Juridisk sekretær